



## Sommaraktivitetar for barn og unge

Supersommar er eit tilbod om sommaraktivitetar for barn og unge i 1.-10. klasse. Supersommar 2026 gjeld for veke 26 og 27. Aktivitetane er lagt til bygdene i Fjord kommune og vi samarbeider med frivillige lag og organisasjonar og lokalt næringsliv. Nytt av året er samarbeid med DNT Sunnmøre om friluftsskule for 5.-7. klasse i fire dagar i veke 26.

Supersommar er gratis for deltakarane med unntak av friluftsskulen som kostar litt.

Tilbodet gjeld for barn og unge som bur i Fjord kommune.

## Praktisk informasjon

Aktivitetane vil i utgangspunktet vare frå kl 09.30 til 14.45.

Det vert sett opp skyss.

Alle deltakarar må ta med eiga niste og drikke/drikkeflaske for heile dagen (med få unntak).

Meir informasjon om kvar aktivitet på [fjord.kommune.no](http://fjord.kommune.no)

## Påmelding

Påmelding via elektronisk skjema på heimesida til Fjord kommune. Du melder barnet på til aktivitet på det klassetrinnet eleven går på våren 2026. Påmeldingsfrist er 14. juni.

Merk at nokre aktivitetar krev signering av eigenerklæring frå føresette.

Nokre av aktivitetane vil ha begrensa antal plassar. Det blir sett opp venteliste om aktiviteten blir fullteikna.

Ved få påmeldte til enkelte aktivitetar kan det bli utvida påmeldingsfrist. Ved for få påmeldte kan aktiviteten bli avlyst.

## Automatisk e-post

Når påmeldinga di er registrert vil du få ein automatisk e-post med informasjon om dette. Det kan ta litt tid før e-posten kjem, men om du ikkje får ein slik e-post eller har problem med påmeldingsskjemaet så ta kontakt med oss på e-post/tlf.

## Bindande påmelding

Det er **bindande påmelding** – om barnet likevel vert hindra i å delta, er det viktig at de melder frå, slik at andre kan få tilbod om plass dersom det er venteliste.

**NB!** Om barnet ikkje møter til aktiviteten og det ikkje er gitt beskjed om dette på førehand, vil føresette i etterkant bli fakturert med kr. 300.

## Barn som skal starte i 1. klasse

Barn som skal starte i 1. klasse hausten 2026 kan ikkje delta på Supersommar.

## Transport

Det blir gratis skyss mellom Stordal skule - Liabygda - Linge ferjekai – Valldal sentrum og til den staden aktiviteten skal vere. Sjå Supersommar bussrute på baksida av informasjonsskrivet. Ta direkte kontakt om det er behov for anna skyss enn det som er oppsett.

*Supersommar er drifta av Fjord kommune med støtte frå Bufdir.*

## Kontaktinfo Supersommar:

Björg Jacobsen

E-post: [bjorg.jacobsen@fjord.kommune.no](mailto:bjorg.jacobsen@fjord.kommune.no)

Telefon: 90529164



MÅNDAG 22.06			TYSDAG 23.06			ONSDAG 24.06			TORSDAG 25.06		
1.-4. KLASSE	5.-7. KLASSE		1.-4. KLASSE	5.-7. KLASSE	8.-10. KLASSE	1.-4. KLASSE	5.-7. KLASSE		1.-4. KLASSE	5.-7. KLASSE	8.-10. KLASSE
<b>Badedag</b>	<b>DNT friluftsskule</b>		<b>Badedag</b>	<b>DNT friluftsskule</b>	<b>Kajakk og SUP</b>	<b>Bowling/ Sommarbibliotek</b>	<b>DNT friluftsskule</b>		<b>Gaute Gneis og Ville krefter</b>	<b>DNT friluftsskule</b>	<b>Rafting</b>
Tafjord friluftsbad Tafjord	DNT Tafjord		Tafjord friluftsbad Tafjord	DNT Tafjord	Uteguiden Valldal	Valldal	DNT Tafjord		Tafjord	DNT Tafjord	Uteguiden Valldal

MÅNDAG 29.06			TYSDAG 30.06			ONSDAG 01.07			TORSDAG 02.07		
1.-4. KLASSE	5.-7. KLASSE	8.-10. KLASSE	1.-4. KLASSE	5.-7. KLASSE	8.-10. KLASSE	1.-4. klasse			1.-4. KLASSE	5.-7. KLASSE	8.-10. KLASSE
<b>Aktivitetsdag</b>	<b>Gaming</b>	<b>Gaming</b>	<b>Valldal aktivitetspark</b>	<b>Valldal aktivitetspark</b>	<b>Valldal aktivitetspark</b>	<b>Mariastallen Valldal</b>			<b>Mariastallen Valldal</b>	<b>Kulå Bowling/ Troll Dungeon</b>	<b>Kulå Bowling/ Troll Dungeon</b>
SFO Stordal	Frivilligsentralen Stordal	Frivilligsentralen Stordal	Valldal	Valldal	Valldal	<b>Toregarden Eidsdal</b>			<b>Toregarden Eidsdal</b>	Valldal	Valldal

## BUSSRUTER SUPERSOMMAR

TIL AKTIVITETAR I VALLDAL/TAFJORD		
Frå	Stordal skule	08:45
	Liabygda	09:00
	Linge ferjekai	09:15
Til	Valldal sentrum	09:20
Retur	Valldal	14:50
	Linge ferjekai	15:00
	Liabygda	15:10
Til	Stordal skule	15:25
VED AKTIVITET I TAFJORD		
Til	Tafjord	09:45
Frå	Tafjord	14:25

TIL AKTIVITETAR I STORDAL		
Frå	Valldal sentrum	09:05
	Linge ferjekai	09:15
	Liabygda	09:25
Til	Stordal skule	09:40
Retur	Stordal skule	14:50
	Liabygda	15:05
	Linge ferjekai	15:15
Til	Valldal sentrum	15:20

TIL AKTIVITETAR I EIDSDAL		
Frå	Stordal skule	08:45
	Liabygda	09:00
	Linge ferjekai	X
	Valldal sentrum	09:15
Til	Linge ferjekai	09:20
Retur	Ferje	14:20
	Linge ferjekai	14:35
	Valldal sentrum	14:50
	Linge ferjekai	X
	Liabygda	15:10
Til	Stordal skule	15:25